

Tiltaksstrategiar for Tilskot til tiltak i beiteområde – Stord og Fitjar 2020-2023



Viser til §1 Forskrift. «Formålet med tilskotet er å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområda».

Forvaltninga av tilskotsordninga vart overført frå Fylkesmannen til kommunane 1.januar 2020. Kommunane skal fastsette lokale retningslinjer innafor ramma av forskrift og gjeldane rundskriv. Retningslinjene skal prioritere type tiltak utifrå kva som er formålstenleg for å fremme utmarksbeiting i Stord og Fitjar. Tiltaksstrategiane er utarbeida av landbrukskontoret i dialog med landbruksorganisasjonane i Stord og Fitjar.

Fylkesmannen fordeler årleg midlar til kommunane. Kommunane prioriterer søknader og innvilgar tilskot etter lokale retningslinjer, aktuell forskrift og rundskriv. Prioriteringane vert vurdert i samanheng med Regionalt miljøtilskot (RMP) og Særskilde miljøtilskot i jordbruket (SMIL)

Informasjon om ordninga og søknadsfrist vert utlyst på kommunens heimeside i god tid før søknadsfrist. Søknader som kjem inn etter søknadsfrist kan handsamast «løpande» så lenge det er disponible tilskot og tiltaket er innafor intensjonen med tilskotsordninga.

Planperiode

Tiltaksstrategien gjeld frå dei er vedteke politisk i Stord kommune og i Fitjar kommune i 2020 til 31.12.2023.

Særtrekk og utfordringar i Stord og Fitjar

Øya Stord ligg i Sunnhordland og er delt mellom kommunane Fitjar i nord og Stord i sør. I tillegg har vi øyane Huglo, Føyno og område Fitjarøyane.

Det er store utmarkbeiter i fjellsameige. Fitjar fjellsameige (37 022 daa) og Stord fjellsameige (30 790 daa) er eit samanhengande beiteområde. Det er utfordringar med mykje folk og hundar i beiteområde kring Heio på Stord, spesielt etter at Skjerpatrapper opna for at fleire

nyttar fjellet til rekreasjon. Vindmølleparken i Midtfjellet har gitt både utfordringar og fordeler for beitebruk. Veger fungerer som branngater ved sviing av vegetasjon og sankegardar er flytta inn i beiteområde. Samstundes er det utfordringar med sau som følger vegane ut av beiteområde.

Sau og geit: Det er ynskjeleg med auka beiting i andre områder av kommunane også. Både område langs E39 og i utmark knytt til nedlagte bruk er det beiteressursar, samstundes som at område med utsikt til Langenuen gror att. Vert ikkje desse områda beita, fører det til at områda gror att. Naturlandskapet vert endra og utsiktsonane vert borte. Evna naturen har til å binda karbon vert redusert noko som ikkje er i tråd med det grønne skiftet.

Fitjarøyane er eit beiteområde knytt til utvalgt naturtype kystlynghei. For å skjømte desse beita vert det stimulert til heilårsbeiting og sviing av lyng.



Overordna planar og målformuleringer

- «**Forskrift om tilskot til tiltak i beiteområder**» ligg til grunn. Den er fastsett av Landbruksdepartementet 4. februar 2013 med heimel i jordlova av 12. mai 1995, §§3 og 18.
- **Landbruksplanen** for 2017-2025 har følgjande **visjon** for landbruket i Stord og Fitjar; *"Landbruket i Stord og Fitjar – Mangfald, verdiskaping og trivsel"*. I visjonen ligg det at kulturlandskap, kultur og oppleving er viktige element i desse to kommunane.
- Gjeldane **kommuneplanar for Stord og for Fitjar**
- **Naturmangfaldlova** (Lov 2009-06-19-100) er ein naturleg del av all forvaltning og eit viktig verktøy i vurdering av løyving og vilkår ved løyving.
- **Handlingsplan for landbruket i Vestland 2020**
- **Prosjektplaner for istandsetting av kystlynghei i Fitjarøyane.** Det er lokalt utarbeida beitebruksplan(2008) for heile øyområde og plan for fjerning av sitkagran (2010).



Tematiske prioriteringar

Tema er ikkje sett opp i prioritert rekkefølge. Mellom dei prioriterte tema vert gjennomføringsevne og effekt av tiltaket vurdert.

Faste og mobile investeringstiltak:

- Elektronisk overvåkingsutstyr
- Elektronisk gjerde
- Sperregjerder
- Sanke- og skilleanlegg

Planleggings- og tilretteleggings prosjekter:

- Prosjektrettet arbeid for stimulering til økt beitebruk og rasjonell utnytting av utmarksbeitene
- Ny organisering av beitelag og utmarksbeiteområder
- Planlegging og prosjektering av faste installasjonar

Geografiske prioriteringar av ordningar/tiltak

Geografisk område er ikkje sett opp i prioritert rekkefølge. I tillegg til å vurdere tiltak og løyving ut frå regelverk vert tematiske prioriteringar, gjennomføringsevne og effekt av tiltaket, ein viktig del av vurderinga.

- Fjellsameige sitt beiteområde i Stord og Fitjar
- Kystlyngheibeiter i Fitjarøyane
- Område E39/Langenuen og andre områder i kommunane som står i fare for å gro att.

Planlagd aktivitet for auka satsing/-søknadsmengd

- Rekruttering av «unge sauebønder» som vil overta drifta (generasjonsskifte)
- Nye sauefjøs og større besetningar med sau på Stord fører til auka satsing på beite i fjellsameige i Stord
- Ha fokus på beiting for å skjøtte kystlynghei i Fitjarøyane
- Stimulere til drift med beiting i utmark på nedlagde gardsbruk for å hindre attgroing

Rettleiande satsar

Rettleiande satsar frå Fylkesmannen Vestland vert nytta ved tildeling av tilskot.

Forventa trong for tilskot til investeringar i beiteområde for Stord og Fitjar er kr 100 000,- pr år.



Alle foto: Aase Rygg Nøttveit